

UNIVERSITETET I BERGEN

Vindkraft på land

v. Professor
Ingunn Elise Myklebust

UNIVERSITETET I BERGEN



Oversikt over føredraget:

- 1) Kort om dagens system** (2008- i dag) Frå «to-spora» til «einspora», og tilbake til «to-spora» system?
- 2) Forslag til endringar i konsesjonsprosessen i Vindkraftmeldinga (19-20) og Stortingsvedtak (20)**
- 3) Dei særlege utfordringane på land (Not in my back yard)**



1) Tilhøvet mellom plan- og bygningslova og energilova i dag:

- Vindkraftverk kan i utgangspunktet ikkje byggjast i strid med gjeldende kommunale planar, dvs at tiltakshavar må ha dispensasjon eller planendring før det kan byggjast vindkraft.
- MEN: Plan- og bygningslova gir heimel for at Olje- og energidepartementet i den den enskilde saka kan bestemme at endeleg konsesjon til vindkraftverk utan vidare skal givast verknad som statleg plan, jf. pbl. § 6-4 tredje ledd.



Offentleg styring av vindkraft

- Det er krav til konsesjon for å byggje, eige og drive vindkraft.
- Frå 2008 har større konsesjonar, saksprosess og vedtak, fulgt reglane i **energilova**, medan berre dei mindre vindturbiner følgjer reglar etter plan- og bygningslova: Vi har m.a.o. eit «ein-spora» system:
 - Dvs at det er **NVE og Olje- og energidepartementet** som har den avgjerande kompetanse til å treffe vedtak, medan kommunen og plan- og bygningsstyresmaktene har ei meir avgrensa rolle/høyringsinstans.
- Ved nytt Stortingsvedtak av 2020 skal vi no tilbake til eit «to-spora» system, der **kommunestyret** gjennom kommune- og reguleringsplan kan setje rammer og avgrensingar for vindkraft.



Kort om prosessen i dag:



2) Vindkraftmeldinga: Meld. St. 28 (2019-2020)

- *Oppretthalde eit to-spora system, men vil m.a. ha:*
 - Skjerping i prosess, meir vekt på miljø:
 - Betre lokal og regional forankring
 - Betre konsekvensutredninger
 - Høve til tidleg avslag
- Større vekt på omsyn til naboar:
 - Krav om makshøyde på turbiner
 - Strengere krav til minsteavstand fra turbinane



Stortinget ber regjeringa, Innst. 101 S (20-21) vedtak 141-147:

- «sette en frist på inntil 5 år fra et prosjekt er endelig godkjent til vindkraftanlegget må være i drift.»
- reglar om «antall og høyde på vindturbiner og at det etableres en buffersone til bebyggelse eller annen aktivitet» må kome fram av konsesjonsvedtaket.
- forslag om å «innlemme planlegging og bygging av vindkraftanlegg i plan- og bygningsloven.»
- sørge for avvikling av «felles svensk-norske elsertifikatordningen»
- finne alternative måtar å sikre «garanti for opprydding ved oppstart av vindkraftanlegget.»
- «endringer i vindkraftbeskatningen»
- Løysingar for «lokal kompensasjon og forutsigbare rammebetingelser for vindkraft kan sikres»



3) Korleis blir eit nytt «to-spora» system?

- **Bruk av reguleringsplan. Kommunen har makta**
 - Plan- og bygningslova har reglar om krav til reguleringsplan for større tiltak, og eit system som her sikrar høyring til naboar, klagerett, m.m. reglar om foreldelse av planar, og t.d. mulighet til å stoppe tiltak heilt fram til tiltak er bygd. Kommunane har m.a.o. makta i sakene.
- **Det endelege konsesjonsvedaket. Kommune eller NVE?**
 - Eit «to-spora system» vil sikre at tiltak berre kan gjennomførast dersom både kommune og NVE meiner at fordelane med tiltaket er større enn ulempene.





uib.no